

NotatDato: 18.10.2016
Arkivsak: 2015/3679-18
Saksbehandlar: oddmell

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Fylkesdirektør kultur og idrett

Rekneskapsrapport 3. kvartal 2016 - Kultur og idrettsavdelinga

Viser til skriv frå fylkesrådmannen dagsett 05.04.2016 om innføring av kvartalsvis rapportering frå avdelingane til fylkesrådmannen frå 2016 for å sikre betre økonomisk styring.

Driftsrapportering pr 3. kvartal 2016

	Siste kvartal		Hittil i år		Årsprognose pr. 31.12.2016			
	Faktisk	Budsjett	Faktisk	Budsjett	Prognose	Budsjett	Best	Verst
Lønnskostnader	-14 217	-14 331	-39 380	-38 394	-52 724	-52 724	-51 724	-53 737
Andre kostnader	-73 119	-87 674	-215 955	-260 951	-287 756	-287 756	-286 756	-287 756
Inntekter	153 159	51 636	219 396	154 908	147 993	147 993	147 993	147 993
Netto driftsutgifter	65 822	-50 369	-35 939	-144 437	-192 487	-192 487	-190 487	-193 500

Siste periode

Lønnskostnadene er om lag som budsjettet for siste kvartalsperiode. Det var ikkje noko dramatisk avvik i perioden.

Andre kostnader har eit avvik på om lag 14,5 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak at utbetalingane til tilskot er ujamne gjennom året i høve til periodiseringa som er bygd opp i standard budsjetterrapport.

Inntekter har eit positivt avvik på om lag 101,5 mill. kr. Dette grunnar i at større utbetalingar av inntekter/overføringar frå staten, ikkje er i tråd med til periodiseringa som er bygd opp i standard budsjetterrapport.

Hittil i år

Lønnskostnadene er om lag 1 mill. kr høgare enn budsjettet. Noko er løn til kunstnarar i DKS-turneane og som ikkje er budsjettet med på lønsbudsjettet, men er lagt inn som kostnad på DKS-budsjettet (overføring til andre). Lønsmidlane vert utgiftsført over løn, men dekka av inntektene frå statlege DKS-midlar. I tillegg vart det ved ein feil i 2016-budsejttet ikkje budsjettet med lønsauke. Dette utgjør om lag 1,1 mill. på årsbasis.

Andre kostnader har eit positivt avvik på om lag 45 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak at utbetalingane til tilskot er ujamne gjennom året i høve til periodiseringa som er bygd opp i standard budsjett rapport. Dette er mest synleg tidleg i rekneskapsperioden, og jamnar seg gradvis ut gjennom året.

Årsprognose inkludert «best» og verst case»

Årsprognosen er berekna ut frå inntekter og utgifter i 2015 i tillegg til endringar gjort i budsjettvedtak i Fylkestinget for budsjett 2016. Lønnskostnadene kan bli noko høgare enn budsjettert, då inntekter som finansierer ein del av lønnsbudsjettet er inntektsført andre stadar i budsjettet (DKS) i tillegg til manglande budsjettering av lønsauken i 2016. Samla kan det gje eit negativt gje negativt utslag på driftsresultatet med om lag 1 mill. kr.

Verst case:

Eit fall i inntektene, særst på arkeologisk registrering og manglande budsjettering av lønsauke i 2016, vil kunne føre til ei underdekking i lønnskostnadene og påverke driftsresultatet, om lag 1 mill. kr.

Best case:

Andre kostnader kan variere ein del frå år til år. Eit mindreforbruk kan i beste fall utgjere om lag 1 mill. kr. Det same gjeld for lønnskostnadene, der vakansar kan føre til reduserte kostnader. Vi ser det som lite realistisk med ei auke i inntektene.

Kopi til:

Nils Egil Vetlesand

Pål Andre Kleive